



Årsmelding
2016



 Oselvarverkstaden

INNHALD

3. Kommentar frå dagleg leiar
4. Organisasjon
5. Vedtekter
6. Tilskot, produksjon og marknadsføring
7. Formidling
8. Opplæring
9. Forsking, HMS og generelt
10. Signatur



KOMMENTAR FRÅ DAGLEG LEIAR

2016 har vore eit spennande år for Oselvarverkstaden. I mai fekk vi tildelt Olavsrosa og i desember vart Oselvarverkstaden og oselvarkulturen listeført hjå UNESCO, der står vi no på lista over gode vernepraksiser (immateriell kulturarv).


Dette er sær gode hendingar for Oselvarverkstaden, noko som gjer oss mykje merksemd både nasjonalt og internasjonalt. Samstundes blir det då viktigare at vi følgjer opp dei instruksjer og pålegg som står i vedtektene våre. Dette er krevjande for ein liten organisasjon. Vi jobbar difor heile tida med å finne ei god måte å kombinera produksjon, vidareføring og formidling. Oselvarverkstaden blir og mykje nytta som eit kompetansesenter innan trebåtbygging og reparasjon.

Dei siste åra har vi hatt ordresvikt på nye båtar, dette gjeld og for 2016. Denne trenden merkast diverre av trebåtbyggjarar i heile landet. Verkstaden har brukt mykje tid på å få opp talet på kontraktfesta nybygg. For å vege opp for færre bestillingar på nye båtar har vi tatt inn fleire reparasjonsoppdrag.

Båtbyggjarane har delteke på messer og festivalar i Noreg og Norden. Vi har då vist fram båten og handverket på ein bra måte. Vi får god respons når vi reiser rundt og møter publikum. Eg meiner dette er sær viktig arbeid med tanke på å vekke entusiasme og interesse for både Oselvaren og handverket.

Etter 19 år i arbeid som dagleg leiari ved Oselvarverkstaden slutta Åsmund Lien i juni. Eg vil nytte høve til å takke han for det arbeidet han har gjort for Oselvarverkstaden og ønske han lykke til som pensjonist.

Oselvarverkstaden har ein del utfordringar knytt til marknaden for produktet vårt, lokala vi heldt til i, vidareføring av handverket og økonomi. Då det er sagt ser eg likevel lyst på framtida. Vi har dyktige og entusiastiske båtbyggjarar med godt fagleg grunnlag og vi har stor vilje til å jobbe framover. I desember tilsette vi ny kontormedarbeidar (Vidar Langeland), han kom hit med eit nytt blikk på eit og hitt. Arbeidsmiljø og samhald på Oselvarverkstaden er sær bra.



ORGANISASJON

Føremålet med Oselvarverkstaden er å ta vare på båtbyggjarhandverket i samsvar med tradisjonar og strenge krav til kvalitet, og å føra båtbyggjarkunsten vidare til nye generasjonar ved systematisk og grundig opplæring av nye båtbyggjarar. Stiftinga held til i Os i Hordaland.

Styret i meldingsåret har vore:

Leiar:

Norvald Johan Skåtøy Oppnemnd av Os kommune

Nestleiar:

Henrik J. Askvik Oppnemnd av styret

Stig Morten Frøiland Oppnemnd av Hordaland fylkeskommune

Terje Planke Oppnemnd av styret


Stig Salbu Henneman Vald av dei tilsette

Styret har hatt fire møte og hatt føre 25 saker i 2016.

Tilsette i 2016



Berit Synnøve
Osmundsen
dagleg leiar og
båtbyggjar




Maik Riebort
båtbyggjar



Leif Harald
Amundsen
båtbyggjar



Stig Salbu
Henneman
båtbyggjar



Vidar Langeland
kontormedarbeidar

Berit Synnøve Osmundsen (dagleg leiar), Leif Harald Amundsen og Stig Henneman er tilsette i full stilling med arbeidsplass på Oselvarverkstaden. Maik Riebort er tilsett i 60% fast stilling. Sylvia Vangsnes er tilsett som reinhaldar. Vidar Langeland vart tilsett som kontormedarbeidar i 50% fast stilling frå 1. desember 2016.

Åsmund Lien gjekk av med pensjon 30. juni 2016. Han har heile tida vore tilsett i Os kommune, og vart leigd ut til Stiftinga Oselvarverkstaden.

Rekneskap og Revisjon

Visma AS har rekneskaps- og lønsføring for verkstaden. Revisor er Os Revisjon.

Strategiutval

Fagrådet er avvikla og strategiutvalet blei oppretta i 2016.

Strategiutvalet vert oppnemnd av styret. Med i strategiutvalet er:

Norvald Skåtøy, styreleiar Oselvarverkstaden
Berit Osmundsen, dagleg leiar Oselvarverkstaden
Atle Ove Martinussen, direktør i Museumssenteret
Stig Henneman, tilsett i Oselvarverkstaden
Stig Morten Frøiland, Hordaland fylkeskommune
Simen Soltveit, Os kommune

VEDTEKTER

for Stiftinga Oselvarverkstaden

Namn og forretningsadresse

Stiftinga Oselvarverkstaden er skipa av Os kommune og Os Båtbyggjarlag i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Namnet er Stiftinga Oselvarverkstaden. For alt som ikkje er regulert av desse vedtektene, gjeld lovgjevinga om stiftingar. Forretningsadresse er: Stiftinga Oselvarverkstaden, 5200 Os.

Føremål

Føremålet er å ta vare på båtbyggjarhandverket som gjeld oselvaren, i pakt med tradisjonar og strenge krav til kvalitet. Dette skal ein oppnå ved at:

- A. Oselvarverkstaden skal vera ein opplæringsstad der ein tek vare på og utviklar handverket med oselvarbygging.
- B. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein tek vare på og utviklar spisskompetansen med bygging av små trebåtar.
- C. Oselvarverkstaden skal vera ein opplæringsstad for dei fylkeskommunale lærlingane.
- D. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der handverket kan vidareførast som ei livskraftig næring.
- E. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein vil formidla kunnskap om handverket og bruken av båten.

Grunnkapital

Grunnkapitalen er på kr 50 000.

Styret

Styre for Stiftinga Oselvarverkstaden har fem medlemmer med personlege varamedlemmer som vert oppnemnde slik:

Os kommune ein medlem.

Hordaland fylkeskommune ein medlem.

Dei fast tilsette ved Oselvarverkstaden ein medlem.

Dessutan nemner styre for stiftinga opp to styremedlemmer. Minst ein av dei skal vera frå norsk museumsmiljø eller antikvarisk miljø, og ha relevant kompetanse om tradisjonell, norsk småbåtkultur.

Funksjonstida til styremedlemene følgjer kommunestyreperioden. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Styremedlemene kan attveljast utan tidsavgrensing. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er til stades. Står røystene likt avgjer røysta til leiaren. Dagleg leiar er sekretær for styret og møter fast på styremøta. Styret kan i einskilde høve også gje andre møte- og talerett.

Styre tilset og kan seia opp dagleg leiar, båtbyggjarar og andre tilsette, og fastset kven som skal ha det faglege ansvaret. Styret godkjenner årsmelding og årsrekneskap som dagleg leiar legg fram, og vedtek budsjett. Styret kan også vedta strategiske planar for drifta ved verkstaden. Styret vel revisor for stiftinga.

Strategiutval

Oselvarverkstaden har eit strategiutval på minst fem personar, alle oppnemnde av styret. Strategiutvalet arbeider etter eit mandat gjeve av styret for verkstaden.

Dagleg leiing

Styret tilset dagleg leiar, som skal vera sekretær for styret og stå for den daglege drifta av Oselvarverkstaden. Det gjeld også produksjonsplanlegging og organisering av arbeidet på verkstaden.

Tilhøvet til Os kommune

Det skal skrivast ein eigen avtale med Os kommune om dei tenestene kommunen yter verkstaden. Dette gjeld leige av verkstadlokala, dagleg leiing og anna som har med administrasjon av verkstaden å gjera, og det gjeld årlege tilskot til drifta.

TILSKOT

Verksemda er ikkje sjølvfinansiert, men er avhengig av tilskot frå Os kommune og Hordaland fylkeskommune. Oselvarverkstaden fekk i 2016 eit driftstilskot på kr 959 000 frå Os kommune og kr 1 401 000 frå Hordaland fylkeskommune i 2016. Verkstaden har elles fått prosjekttilskot på kr 30 000 frå Os kommune.

Årlege budsjettmøte

Det skal vera årlege møter mellom fylket og kommunen i forkant av budsjettarbeidet. I 2016 var dette møte 24. juni.

PRODUKSJON

Båtar ferdigstilt i 2016: Bygg nr 87, færing 10 ¼ alen. Robåt. Levert i Os.

Bygg nr 88, færing 11 alen. Kombinasjonsbåt. Bestilt til Elverum men kansellert.

Verkstaden skal bruke båten til utstillingsbåt i 2017.

Bygg nr 89, færing 10 ½ alen. Tilnærma kvistfri stasbåt, kombinasjonsbåt. Levert til Oslo.

Bygg nr 86, færing 10 ½ alen kombinasjonsbåt. Bygd 2015 og brukt som utstillingsbåt i 2016 vart levert til kjøpar i 2017. Levert til Bergen.

Omlag eitt årsverk har gått til reparasjon. Reparasjonsoppdraga kjem frå Hordaland. Vi har også dette året utført fleire konsulenttenester, som å sjå på og vurdera båtar ymse stader.

Båtbyggjarane hogg tømmer i Rolvsvåg, slik me har gjort eit par gonger tidlegare, og kvaliteten på materialen var like god som han har vore før. Vi fekk stå i Vognhallen og skjera og lagra materialen der til over sommaren. Dette spara vi mykje tid og arbeid på.

MARKNADSFØRING

Også dette året har viktigaste marknadsføringa vore å visa fram båten på messer og andre tilskipingar. Såleis har verkstaden vore med båt, og ved dei fleste høve vist fram handverket.

På Torgdagen i Bergen (Leif Harald og Anne Maren), Nordisk Kystkulturfestival på Færøyene, (Berit, Stig, Maik, Leif Harald, Anne Maren og Norvald) og på Risør Trebåtfestivalen (Berit og Anne Maren). Berit Osmundsen fekk pris for Årets Båt på Trebåtfestivalen i Risør.

Verkstaden har annonsert i fagblad og på nokre nettsider siste året. Facebook-sida til verkstaden har etter kvart fått mange følgjarar, og inneheld mykje bilete og aktuelt stoff. Mellom anna ligg det fleire



hundre bilete frå verkstaden og frå aktivitetar verkstaden har vore med på. Sida har meir enn 3500 likarar ved årsskiftet, 1500 av dei har kome til siste året. Mange hentar informasjon om verksemda på verkstaden frå denne sida.

Nettsida vår er oppgradert og har fått betydeleg meir relevant innhald. Siste året hadde Oselvarverkstaden 64 000 besøk på nettsida.

Det er ca 175 unike brukarar kvar dag. 27 % av desse kjem frå Noreg, 25 % frå Europa utanom Noreg og 15 % frå USA. 90% vitjar nettsidene frå PC, resten brukar nettbrett/mobil. I desember oppretta vi ein Instagramkonto, her har vi no ca 70 følgjarar. Sosiale media er viktig og rimeleg marknadsføring, men vi vil framleis bruka tradisjonelle kanalar som annonse i ymse blad.

FORMIDLING

Kring 20 grupper frå private og offentlege verksemdar, organisasjonar og undervisningsinstitusjonar har fått omvising på verkstaden. Besøket frå einskildpersonar som kjem innom i utstillinga har halde seg jamt. Det har elles, som vanleg, vore ope hus under Kystsogedagane. Verkstaden har vore open for publikum frå 11.30 til 15.30 måndag til onsdag, og elles etter avtale.



Niandeklassane ved skulane i Os har vitja verkstaden i samband med prosjektarbeid om oselvaren, som eit tiltak i Den kulturelle skulesekken. Dette vert organisert slik at kvar klasse har fått ein heil oselvardag, der dei også fekk koma ut i båten. Som året før var det i 2016 båtbyggjarane Berit Osmundsen og Stig Henneman som hadde ansvaret for opplegget dei to vekene dette stod på.

ECONOMUSEUM

Oselvarverkstaden er med i nettverket Économusée, gjennom prosjektet Économusée Northern Europe. Det er i dag tolv Economuseum her i landet. Oselvarverkstaden har delteke på to møte i nettverket i 2016.



OLAVSROSA

28. mai vart Oselvarverkstaden tildelt Olavsrosa av Norsk kulturarv. Olavsrosa vert tildelt opplevingar av særskilt høg standard, med omsyn til kulturhistorie og formidling. Dette har kanskje gjeve oss noko større merksemd. Dei som vert tildelt merket er og underlagt årleg kontroll og rapportering.



Oselvarverkstaden fekk tildelt Olavsrosa 28.mai 2016. Frå venstre: Dagleg leiar Åsmund Lien, Randi Bårtvedt frå styret i Norsk Kulturarv, Maik Riebort, Berit Osmundsen, Stig Henneman og Leif Harald Amundsen (Foto: Kjetil Vasby Bruarøy/Midtsiden).



OSELVARBOKA

Dei tilsette ved Oselvarverkstaden har bidrege på mange måter i den nye flotte boka om Oselvaren som Kjell Magnus Økland har forfatta. Åsmund Lien har lese korrektur og båtbyggjarane har gjeve gode innspel til kapitla om skog, båtbygging og tilfar. Forfattaren har dessutan fått tilgang på mange fotografi og teikningar frå Oselvarverkstaden, noko som òg har heva kvaliteten på boka. Oselvarverkstaden har vore ein sær sers sentral bidragsytar til boka og skal såleis ha sin del av æra for resultatet.

UNESCO

I januar 2015 sende (for fjerde gong) Oselvarverkstaden søknad til Kulturdepartementet om å verta nominert til UNESCO-lista «Best Safeguarding Practices» - «gode vernepraksisar».

1. desember 2016 blei Oselvarverkstaden og Oselvarmiljøet listeført. – Lista over immateriell kulturarv er på ein måte veslebroren til verdsarvlista til Unesco.



Oselvarverkstaden vart listeført hos UNESCO 1. desember 2016. Frå venstre: Ordførar Terje Søviknes, Stig Henneman, Leif Harald Amundsen, Norvald Skåtøy, Kjell Magnus Økland, Åsmund Lien, dagleg leiar Berit Osmundsen og Vidar Langeland (Foto: Kjetil Vasby Bruarøy/Midtsiden).

På verdsbasis er det i dag berre 16 andre tiltak på denne lista. Både kunsten å bygge oselvarar, bruken og kulturen kring trebåten er ein del av verninga.

Det var styre i Oselvarverkstaden som vedtok å bruke midlar på søknaden. Vi vil særleg takka Eivind Falk, Dag Feldborg, Åsmund Lien, Kjell Magnus Økland og Atle Ove Martinussen som har jobba systematisk og målretta med dette gjennom mange år. Båtbyggjarane som held handverket i hevd, har og mykje av æra for denne utnemninga.

OPPLÆRING

Alle båtbyggjarane deltok på Råseglseminaret, som denne gongen vart arrangert i Masfjorden i Nordhordland. Der var det fokus på båtane i Nordhordland og båtbyggjarane deltok på ro-testar, gransking av geitabåtane frå Nordhordland og fleire spennande foredrag. Dei presenterte og Oselvaren på seminaret.

Alle båtbyggjarane var på Færøyene og der brukte vi to dagar på å studere færøybåten og den færøyske båtulturen. Vi hadde med oss båtbyggjar Hanus Jensen som fagleg leiar for studiedagane. Museumslærar Regin Debess viste oss rundt på nasjonalmuseet på Færøyene og i den store båtsamlinga dei har der.



Færøyene sumaren 2016. Foto: Norvald Skåtøy


Dagleg leiar deltok på seminar på Tromsø universitet der tema var mogleg høgare utdanning i trebåtbygging. Det er snakk om å opprette regionale senter for fordjupning i lokal tradisjon og byggeskikk. Lærlingen på Oselvarverkstaden avslutta læreforholdet i november.

FORSKING

Maik Riebort har dette året gjennomført eit forskingsprosjekt der han har forsøkt å finne ut kva slags byggesystem/målesystem vikingane brukte då dei bygde båtar. Han har tatt utgangspunkt i dagens tradisjonskunnskap basert på byggesystemet til oselvarbyggerane.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Vernerunde vart gjennomført i lag med representant for bedriftshelsetenesta. Det er ikkje rapportert skader eller alvorlege hendingar blant dei tilsette som følgje av arbeid på verkstaden eller i skogen. Det har vore minimalt sjukefråvær blant dei fast tilsette. Lystilhøve på verkstaden er betra og vi har fått nytt avtrekk på lakkrommet. Vi har fått på plass eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta.



ANNA INFORMASJON

Os Småfiskarlag har, som tidlegare år, fått nytta andre høgda på verkstaden til kurs, og dei har to kveldar for veka halde ope for publikum. Os Dykkeklubb har og base på verkstaden, mellom anna har dei ein kompressor innbygd i eit eige rom. Både Småfiskarlaget og Dykkeklubben har også dette året utført ymse dugnadsarbeid for verkstaden. Os Dykkerklubb har mellom anna vaska taket utvendig og Os Småfiskarlag har hatt ryddedugnad på uteområdet.

GENERELT

a) Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

b) Arbeidsmiljø

Overflatebehandling: Overflatebehandlinga går føre seg i eige rom med mekanisk utlufting. Arbeidstakarane bruker maske, overtrekksdress og hanskar under arbeidet.

Maskiner og støy: Maskinene er merkte etter forskrifta. Arbeidstakarane har påbod om å bruka høyrslavern når maskinene er i bruk.

Sjuefråvær og skadar: Sjukefråvær blant dei fast tilsette i meldingsåret har vore på omlag 3,85 prosent, dette er medrekna fråvær grunna sjuke born. Det har ikkje vore skadar eller alvorlige hendingar i 2016. Det er utarbeidd risikoanalyse og skriftlege rutinar for risikoreduserande tiltak. Desse er godkjende av Arbeidstilsynet.

Oselvarverkstaden har avtale med Forebygg Skade om bedriftshelseteneste.

c) Likestilling

Stiftinga har fire fast tilsette båtbyggjarar. Den eine av båtbyggjarane er kvinne. I stiftingsstyret har det vore fem menn i meldingsåret.

d) Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra nemnande påverknad på det ytre miljøet.

e) Økonomi

I samsvar med førebels rekneskapsstandard for ideelle organisasjonar er det vedteke rekneskapsprinsipp for handsaming av varelager og tilskot. Stiftinga hadde ein omsetnad på kr 3 032 158 mot kr 3 117 663 i fjor. Årsoverskotet, var på kr 40 386 mot kr 127 966 i fjor. Resultatet viser eit overskot pr. 31. 12. 2016 på kr. 40 386. Eigenkapitalprosenten ved utgangen av året er på 52,3 % mot 55,2% i fjor. Sum eigenkapital og gjeld er på kr 2 294 778 mot kr 2 098 448 i fjor.

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Os, 8. mars 2017

Norvald Skåtøy
styreleiar

Berit Osmundsen
dagleg leiar

Terje Planke
styremedlem

Stig Morten Frøiland
styremedlem

Stig Salbu Henneman
styremedlem

Henrik J. Askvik
styremedlem